

KULTURDEPARTEMENTET
Postboks 8030 DEP
0030 OSLO

'MOTTATT'
18 DES 2014

Kulturdepartementet
19 DES 2014
2014/4341-017

Kulturdepartementet - Høyring - Endringer i lotteriregelverket

Lotteritilsynet viser til høyringsbrev datert 15.10.2014 med forslag til endringar i lotteriregelverket.

Lotteritilsynet er positiv til ei klarare regulering av nye lotterikonsept. Vi støttar også endringane som er foreslått for dei tradisjonelle lotteria (§6 lotteri).

Vi har nokre merknader knytt til reguleringa av nye lotterikonsept.

Lotteritilsynet legg til grunn at det nye forslaget ligg innanfor dei rammer EU- regelverk set for at vi framleis kan ha eit monopol i Noreg. Vi finn likevel grunn til å presisere at når det blir lagt opp til at 5 lotterikonsept skal få betre rammevilkår enn andre lotteri og omsetningsgrensene er vesentleg større enn på tradisjonelle lotteri, er det eit poeng at vilkåra er så romslege at lotteria kan gje eit tilfredsstillande overskot.

Vi syner i denne samanheng spesielt til forbodet mot å tillate lotteri som baserer seg på interaktive trekningar i elektroniske kanalar.

Lotteritilsynet er usikker på om aktørar vil våge å satse på nye lotterikonsept der det ligg eit klart forbod mot alle former for interaktive spel på internett og spel via sms. Vi viser her til at oppstartskostnadane med desse større lotteria vil vere betydelege og begrensingar knytt til måtar å gjennomføre lotteria på vil kunne gjere det mindre attraktivt å satse på denne type lotteri.

Ei streng regulering vil også kunne resultere i at lotteria går dårleg og har unødvendig høge administrasjonskostnader. Vi viser og til det som er sagt rundt dette i rapporten «Grenselause pengespel – krev ny teknologi ny regulering?» på s 54-55.


På bakgrunn av dette ber Lotteritilsynet departementet vurdere å opne opp for interaktive spel for dei nye lotterikonsept, innanfor rammene av gode ansvarlegheitstiltak.

Lotteritilsynet kan her vere ein aktør som er med og set rammene for denne type lotteri. Dette har vi erfaring med gjennom fleira av spela til Norsk Tipping.

Lotteritilsynet gjer også Kulturdepartementet merksam på at forslaget, slik det ligg føre i dag, kan resultere i at ein lotteriarrangør søker om 5 forskjellige lotterikonsept og såles vil stå som arrangør av lotteri med ei samla omsetningsramme på kr 1,5 mrd.

Dersom dette ikkje er ønskeleg bør ein ha ein eigen heimel som set eit klart forbod mot dette.

Lotteritilsynet ser at det i høyringsnotatet på s. 17 er lagt opp til ei evaluering mot slutten av den første sjuårige løyveperioden.



Vår dato
15.12.2014

Vår referanse
14/06303-3/008

Vi foreslår, uavhengig av om Kulturdepartementet gjør endringer i moglegheita til å tillate interaktive trekningar i elektroniske kanalar, at det blir foretatt ei evaluering av dei nye konseptane allereie etter to år av løyveperioden.

Med helsing

Atle Hamar
Direktør

Elna Berge
avdelingsdirektør

Dokumentet er godkjent elektronisk og blir sendt utan signatur.